

# BERGENSALLIANSEN



Til ordførar og rådmann

26. april 2017

## Invitasjon til etablering av Vest brann- og redningsregion

Bergensalliansen har utarbeidd rapporten «Brannsamarbeid i bergensregionen – en tryggere hverdag», i samarbeid med 32 kommunar i Hordaland. Rapporten tilrår at dei sjølvstendige brann- og redningsvesena i desse kommunane inngår eit samarbeid med kvarandre.

Bergensalliansen støtta og slutta seg til innstillinga og tilrådinga i møte 27. januar 2017. Alliansen vedtok å sende rapporten til politisk handsaming i kommunane som deltar, med ønskje om å etablere samarbeidet frå 1. januar 2018.

Rapporten og tilrådingane har vore drøfta med Justis- og beredskapsdepartementet, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, rådmenn, Fylkesmannen i Hordaland, arbeidstakarorganisasjonane og brann- og redningssjefane. Dei har alle kome med innspel til samarbeidet og vedtekten, og støttar etableringa av eit formelt samarbeid. Innspela er lagde ved denne invitasjonen.

Bergensalliansen oppmodar kommunane om å gjennomføre drøftingsmøte med dei tillitsvalde i samband med at sak til kommunestyret vert utarbeidd. Frist for kommunestyra til å handsame deltaking i samarbeidet vert sett til midten av september 2017. Det skal gi tilstrekkeleg med tid til administrative og politiske diskusjonar i kommunane.

Bergensalliansen inviterer kommunen din til å handsame innbydinga om å ta del i etableringa av Vest brann- og redningsregion. På oppmading er det utarbeidd eit forslag til felles saksframlegg som kan nyttast.

Med venleg helsing

Richard Taule  
dagleg leiar

### VEDLEGG:

1. Vedtekter pr. april 2017
2. Rapporten «Brannsamarbeid i bergensregionen – en tryggere hverdag»
3. Mottatt høyringsinnspel til rapporten «Brannsamarbeid i bergensregionen – en tryggere hverdag»
4. Kommentarar frå sekretariatet i Bergensalliansen til dei mottekne høyringsinnspela

## Framlegg til felles saksutgreiing med kommentarar til mottatt høyringsinnspe

### Bakgrunn

Bergensalliansen er ein politisk møteplass for 22 kommunar i Hordaland og har som formål å styrke konkurranseevna til Bergensregionen og setje felles utfordringar og høve til utvikling i den funksjonelle byregionen på dagsorden. Bergensalliansen skal også søkje samarbeid mellom aktørane i regionen i strategisk viktige saker for byregionen, og vere den viktigaste møteplassen for den politiske leiinga i regionen.

Bergensalliansen har gjennom fleire år sett på dei utfordringane og risikobiletet som brann- og redningstenestene i regionen vår møter. Alliansen gjennomførte difor ei eiga risikokartlegging for kommunane i Bergensalliansen vinteren 2013, som vart presentert for medlemmene i Bergensalliansen i mars 2014. Kartlegginga viste fram utfordringane vi har i regionen. Ho førte til ein eigen brann- og redningskonferanse i juni 2014 for alle dei politiske og administrative leiarane i Hordaland.

For å følgje opp konferansen gjennomførte Bergensalliansen ein studie av tenkjelege utvegar, saman med alle kommunane i Hordaland hausten 2014 og våren 2015, som drøfta eit mogleg samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester i regionen vår.

Rapporten frå studien tilrådde, basert på ei kvalitativ vurdering av kriteria som blei lagt til grunn for studien, at det vert skipa eit samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester frå kommunane med eit felles styre for samarbeidet, at det vert skipa eit sekretariat som skal samordne og følgje opp samarbeidet og at ein brukar vertskommune for oppgåver som samarbeidssekretariatet skal ta hand om.

Bergensalliansen valde difor å ta tilrådinga frå studien om å etablere ein samarbeidsmodell, og utarbeide eit forslag til eit felles saksframlegg som kan handsamast i kommunestyra i løpet av 2017.

Til å utarbeide eit felles grunnlag for avgjerd, som skal sendast til dei enkelte kommunane for politisk handsaming, sette Bergensalliansen i 2016 ned eit prosjekt. Dette prosjektet skulle arbeide fram eit forslag til korleis brann- og redningstenesta kunne organiserast gjennom eit samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen i regionen.

Alliansen spurde Bergen kommune, ved Bergen brannvesen, om å vere kommunen som kunne gjennomføre prosjektet. Det blei utarbeidd ei skildring av prosjektet og gitt eit mandat for arbeidet.

Rapporten med tilrådingar blei overlevert Bergensalliansen oktober 2016. Rapporten blei drøfta i møte i januar 2017. Her vart det tilrådd å sende rapport til politisk handsaming i kvar av kommunane.

Regjeringa har gitt prosjektet og etableringa av samarbeidet status som nasjonal pilot.

## **Saksutgreiing**

Bergensalliansen tilrår at det vert etablert eit regionalt samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen for å tryggje eit samla fagmiljø med høg kompetanse, effektiv leiing, fleksibilitet, spesialistmiljø og for å halde oppe naudsynt lokal beredskapskapasitet.

Tilrådinga inneber at det vert skipa formelle og strukturerte nettverk for å dele kunnskap og utveksle røynsler. I hovudsak er framlegget basert på å hente ut faglege synergiar gjennom å samhandle betre, ha felles system og få til ei tenleg fordeling av oppgåver.

Dei større fagmiljøa må vere rause overfor dei mindre kommunane som har mindre kapasitet og ressursar. Det medfører at dei største fagmiljøa må yte meir kompetanse og ressursar enn dei mindre kommunane.

Gjennom det regionale brannsamarbeidet skal kommunane få tilgang til spesialtenester og spisskompetanse innan alle relevante fagområde. Dette inneber også tilgang til fagsystem, prosedyrar, faglege nettverk og kvalitetsstandardar.

Det regionale brannsamarbeidet er foreslått regulert gjennom eit felles overordna plandokument basert på risikobiletet i regionen og som byggjer bru mellom brannordningane i den enkelte kommune. Dette vil gje ei tydeleg og føreseieleg skildring av samvirket mellom lokale kapasitetar og regionale forsterkningsressursar. Det regionale planverket vil vere felles operative handlingsplan for kommunane som kvitterer ut risiko definert i m.a. overordna ROS-analysar og i fylkes-ROS.

Samarbeidet vil omfatte følgjande fagområde:

### **1. Brannførebyggande arbeid**

Å førebygge brannar og ulukker er den viktigaste oppgåva til alle brannvesen. Den nye forskrifta om brannførebygging stiller krav om eit meir målretta og allsidig brannførebyggjande arbeid. Til forskjell frå tidlegare, må kommunane no ta eit større ansvar for å gjennomføre risikovurderingar, fastsette satsingsområde basert på risiko og gjennomføre tiltak i samsvar med dei etablerte planane.

Tilsyn er framleis eit viktig verkemiddel, men det skal ha ei risikobasert tilnærming. Forskrifta gir også kommunane høve til å gjennomføre andre brannførebyggjande aktivitetar med utgangspunkt i lokalt risikobilete. Det føreset at kommunane etablerer ein systematikk som gjer det mogleg å evaluere eige førebyggande arbeid. Føremålet med dette er å lære og å sikre kontinuerleg betring.

### **2. Brann- og redningsberedskap**

Å dimensjonere brann- og redningsberedskapen og den operative handteringsevna er vanskeleg. I tillegg vil delar av denne beredskapen vere retta mot hendingar som sjeldan skjer. Difor er det viktig for regionen at kommunane samarbeider om disse oppgåvene. I dette ligg det ei erkjenning av at ikkje alle kan oppretthalde kompetansen for alle typar hendingar, og at

spesialistmiljøa utviklar seg best vidare gjennom praktisk erfaring. Beredskapsløysingar på tvers av kommunegrenser vil i slike tilfelle vere svært føremålstenlege.

Det viktigaste motivet for å etablere ein oversiktleg og systematisk beredskapsstruktur som omfattar fleire kommunar, er tronen for å gjere kvart einskild innsatslag best mogeleg i stand til å løyse oppgåvene dei er dimensjonerte for å kunne handtere. Samvirket mellom lokale kapasitetar og sentrale eller regionale spesialgrupper skal sikre optimal slagkraft allereie ved førsteinnsatsen, samstundes som tilgangen til støtte- og forsterkningsressursar blir føreseielege. På same måte vil felles system for prosedyrar, kompetanseutvikling, øvingar, innkjøp o.l. gi ei standardisert fagleg utvikling i alle dei involverte kommunane.

### **3. Naudmeldingsteneste - 110-sentral**

110-sentralen i Hordaland omfattar i dag 28 kommunar i Hordaland og to kommunar i Sogn og Fjordane. Sentralen mottar meldingar om brannar, ulykker og akutt forureining og sørger for effektiv varsling av nærmeste brann- og redningsressurs. Operatørane ved 110-sentralen har også ei viktig oppgåve med å støtte lokal brannsjef / innsatsleder når hendingar skal handterast.

Å være tilknytt ein 110-sentral er ei lovfesta plikt. Dersom ein eller fleire kommunar ikkje ønskjer å være en del av det totale samarbeidet, vil Vest brann- og redningsregion ivareta dette vilkåret gjennom å selje denne tenesta til aktuelle kommunar.

### **4. Interkommunalt utval mot akutt forureining - IUA**

IUA Bergen region består i dag av 23 kommunar i Hordaland og tre kommunar i Sogn og Fjordane. Utvalet har som oppgåve å etablere system og beredskap for å kunne aksjonere ved akutte forureiningar som anten gjeld fleire kommunar eller har eit omfang utover det den enkelte kommune er dimensjonert for å kunne handtere.

Den statlege forureiningsstyremakta har pålagt kommunane i landet om å samarbeide om beredskap mot akutt forureining gjennom IUA-strukturen. Dersom ein eller fleire kommunar ikkje ønskjer å være en del av det totale samarbeidet, vil Vest brann- og redningsregion ivareta dette vilkåret gjennom sal av beredskapen til aktuelle kommunar.

### **Vest brann- og redningsregion**

Basert på dei formelle føringane og faglege rammene som vert stilte til brann- og redningstenesta, naudmeldingstenesta og den akutte beredskapen mot forureiningar, tilrådingar frå rapportar og utgreiingar, samt faglege vurderingar gjort av eigne arbeidsgrupper, fremjer Bergensalliansen forslag til ein heilskapleg samarbeidsmodell for dei sjølvstendige brann- og redningstenestene i bergensregionen gjennom etablering av Vest brann og redningsregion.

Vest brann- og redningsregion skal ikkje være arbeidsgjevar, men skal basere den faglege utviklinga på personell tilknytt det enkelte brannvesen.

## **Organisering**

### Det enkelte kommunestyre

Det enkelte kommunestyre fattar avgjerd om å melde seg inn og ut av brannsamarbeidet. På same måte godkjenner det øvste avgjerdssorganet i kommunen vedtekten for eit slikt samarbeid. I tråd med vedtekten, skal også kommunestyret utnemne representantar til årsmøtet i samarbeidet.

### Årsmøtet

Årsmøtet – samansett av representantar frå kommunestyra i deltakarkommunane – er det øvste avgjerdssorganet i samarbeidet og skal sjå til interessene til deltakarkommunane, setje saman styret og velje styreleiar.

### Styret

Styret – samansett av rådmenn, kommunalsjefar e.l. – skal sjå til at Vest brann- og redningsregion er i stand til å løyse oppgåvene etter føremålet i vedtekten gjennom å ha eit overordna ansvar for planlegging, gjennomføring og rapportering.

### Administrasjonskommune

Bergen kommune er foreslått som administrasjonskommune. Administrasjonskommunen skal stå for dagleg leiing og drift av Vest brann- og redningsregion og stille kontorfasilitetar til disposisjon for sekretariatet.

### Leiar for Vest brann- og redningsregion

Brannsjefen i administrasjonskommunen er foreslått som leiar for Vest brann- og redningsregion. Leiar rapporterer til styret, har ansvar for sekretariatet og at aktiviteten utviklast i tråd med lovverk, vedtekter og fastsette rutinar. Vidare har leiar budsjett- og resultatansvar for den totale aktiviteten i samarbeidet.

### Fagutval

Fagutvala – brannsjefar og/eller avdelingsleiarar i brann- og redningstenesta – er det faglege kontaktorganet for leiaren og skal vere med på å koordinere det faglege arbeidet i regionen. Fagutvala skal også kunne bidra med å greie ut og førebu saker som skal handsamast av styret.

### Sekretariatet

Sekretariatet skal yte administrativ støtte til samarbeidet, samt koordinere faglege nettverk og arenaer for kunnskapsdeling. Sekretariatet skal også være møtesekretær for årsmøtet og styret, handsame og førebu saker til desse organa.

### Økonomiske konsekvensar

Vest brann- og redningsregion skal ikkje erstatte dagens lokale brann- og redningsteneste, men vere eit samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen. Forslaget inneber difor ikkje overdraging av verksemrd. Vest brann- og redningsregion er vidare ikkje eit eige rettssubjekt.

Vest brann- og redningsregion vert foreslått oppretta i medhald av følgjande lover:

- Lov av 25. september 1992 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 27,
- Lov av 14. juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) §§ 15 og 16
- Lov av 13. mars 1981 om forurensninger og om avfall (forurensningsloven) §§ 43 og 44

Rapporten tilrår at brannsamarbeidet finansierast av deltakarkommunane etter desse prinsippa:

1. Eit grunntilskot som skal vere ein viss del av det samla budsjett for kommande driftsåret.
1. I tillegg til grunntilskotet skal deltakarkommunane betale eit tilskot per innbyggjar som samla skal utgjere den resterande delen av samla budsjett for kommande driftsåret.
2. Budsjett for kommande driftsåret vert fastsett av årsmøtet med omsyn til aktiviteten som vert vedtatt for driftsåret.

Totalt representerer brannsamarbeidet ein meirkostnad på om lag fem millionar kroner, der 80 % er øyremerka til utvikling av spesialtenester for regionen, materiell og fellessystem. Dei resterande 20 % vil i hovudsak bli nytta til koordinering av fagmiljø og uthenting av synergiar mellom desse.

## **Vedtekter**

Vedtekta frå rapporten, er etter mottatt høyringsinnspeil til Bergensalliansen, blitt justerte etter møte den 27. januar 2017. Følgjande er endra etter det opphavlege forslaget frå rapporten:

- For § 7 Årsmøtet

Dei to første setningane i siste avsnitt er byta ut med følgjande:

«Én representant fra hver arbeidstakerorganisasjon tilknyttet brann- og redningstjenesten har møte- og talerett uten forslagsrett på årsmøtene. Ved lukkede møter skal arbeidstakerorganisasjonenes møte- og talerett vurderes særskilt»

- For § 9 Styret

Første setning i tredje avsnitt er byta ut med følgjande:

«Årsmøtet velger styremedlemmene og deres vararepresentanter blant rådmenn, kommunaldirektører, kommunalsjefer eller andre på tilsvarende nivå i deltakerkommunene.»

- For § 9 Styret – styrets oppgaver, pkt. c.

Ny tekst som erstatter pkt. c under styrets oppgaver

«Påse at det til enhver tid foreligger et felles overordnet plandokument som bygger bro mellom brannordningene i kommunene, samt fordele spesialfunksjoner og –oppgaver»

- For § 9 Styret

Dei to første setningane i siste avsnitt er byta ut med følgjande:

Én representant fra hver arbeidstakerorganisasjon tilknyttet brann- og redningstjenesten har møte- og talerett uten forslagsrett på styremøtene. Ved lukkede møter skal arbeidstakerorganisasjonenes møte- og talerett vurderes særskilt»

- For § 13 Fagutvalg

Nytt avsnitt lagt til

«Fagutvalgenes medlemmer skal velges blant brannsjefer og avdelingsledere frå brann- og redningstenestene i deltakarkommunane.»

Forslag til oppdaterte vedtekter for samarbeidet følgjer som vedlegg 1.

### Prosess

Bergensalliansen forstår at det å etablere Vest brann- og redningsregion er krevjande fordi ulike kulturar og system skal samkjøyrast. Ei trinnvis utvikling, basert på god involvering av tilsette og fagmiljø, er difor avgjerande for å lukkast.

Tilrådinga er basert på ein omfattande dokumentasjon som går fram av rapporten «En tryggere hverdag». Denne er utarbeidd av eit samla fagmiljø i regionen og vert lagt til grunn for den trinnvise utviklinga som er tilrådd. Rapporten følgjer som vedlegg 2.

Arbeidet med rapporten og grunnlaget for tilrådinga frå Bergensalliansen har vore leia av ei styringsgruppe samansett av Terje Søviknes – ordførar i Os kommune, Harald Schjelderup – byrådsleiar i Bergen kommune, Kari-Anne Landro – ordførar i Sund kommune, Hans-Erik Ringkjøb – ordførar i Voss kommune og Øyvind H. Oddekalv – ordførar i Meland kommune.

Innstillinga frå styringsgruppa har vore på høyring. Det er gjennomført to innspelsmøte, eitt med rådmennene i regionen og eitt med fagforeiningane som organiserer dei tilsette i brann- og redningstenesta.

Bergensalliansen mottok følgjande skriftlege innspel:

- Mindretalsmerknad frå Fagforbundet, 16. september 2016
- Innspel frå Fylkesmannen i Hordaland, 3. januar 2017
- Innspel frå Regionrådet i Nordhordland til møtet 11. januar 2017
- Innspel frå NITO, 17. januar 2017
- Innspel frå Statens strålevern, 24. januar 2017
- Innspel frå Fagforbundet, 20. januar 2017
- Innspel frå Kystverket, 20. januar 2017
- Innspel frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, 26. januar 2017

Høyringsinnspele med merknadar til rapporten er lagt ved som vedlegg 3. Kommentarar frå sekretariatet til Bergensalliansen til høyringsinnspele som er mottatt er lagt ved som vedlegg 4.

Frå møtet med rådmennene i deltagarkommunane vart det sett ned ei eiga rådmannsgruppe som skulle kome med innspel til saksframlegget. Gruppa har mellom anna diskutert trøngan for ein samarbeidsavtale, i tillegg til vedtekten, som skulle følgje saksframlegget.

Gruppa vart delt i i synet på om dette skulle utarbeidast. Styringsgruppa for brannsamarbeidet til Bergensalliansen har difor vald å ikkje utarbeide ein eigen samarbeidsavtale. Difor vert det foreslått å vurdere etter eitt års drift om det er trøng for ytterlegare detaljering av samarbeidet gjennom ein samarbeidsavtale.

For å sikre at dei økonomiske konsekvensane for samarbeidet er føreseielege, har rådmannsgruppa også gitt tilslutnad til at det kan setjast inn eit forslag til felles vedtakspunkt som avgjer budsjettet dei første tre åra. Forslaget seier at det i det førsteåret vert lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner, og at dei neste to driftsåra berre justerast for løns- og prisvekst.

#### **Forslag til vedtak i den enkelte kommune:**

Bergensalliansen foreslår følgjande felles vedtakspunkt i saksframlegget:

1. \_\_\_\_\_ kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. \_\_\_\_\_ kommune sluttar seg til vedtekten for samarbeidet
3. \_\_\_\_\_ er \_\_\_\_\_ kommunes årsmøterepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. \_\_\_\_\_ kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
5. Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skall budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst